

**Fra:** Marianne Bugge <Marianne.Bugge@vlfk.no>

**Sendt:** 01.06.2023 12:47:40

**Til:** Kommunar i Vestland fylke - postmottak <kommunariVestland@vlfk.no>

**Kopi:** Liz Eva Tøllefsen <Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no>

**Emne:** Spørjeundersøking i samband med utarbeiding av regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

---

Heil!

Vestland fylkeskommune arbeider med kunnskapsgrunnlaget til regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn i Vestland. Målet med planarbeidet er å sikra balansert utvikling i heile fylket, berekraftig arealbruk og klimavenleg mobilitet. Kunnskapen som vert samla inn gjennom spørjeundersøkinga vil vere nyttig for arbeidet vidare – både når det gjeld innhald og prosess. Spørsmåla er delt inn i dei temaa som vart vedtatt som innsatsområde i [planprogrammet til planen](#). Desse er:

- senterstruktur
- utbyggingsmønster og arealbruk
- lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod
- kvalitet i omgjevnadane
- bustadpolitikk
- barn og ungdom – trivsel og tilhøyrslø

Spørjeundersøkinga inneheld ikkje spørsmål om personlege opplysingar. Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål. Følg denne koplinga for å svare: <https://forms.office.com/e/8Km7Sis7PG>

**Frist for å svara: 9.juni**

På førehand takk!

Med helsing

**Marianne Bugge**  
Seniorrådgjevar, plan

plan, klima og analyse  
avdeling for næring, plan og innovasjon



Tlf. 91532784

[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)